



**MELD DEG PÅ**  
VIS KVA DU KAN

[ukm.no](http://ukm.no)

UKM er eit nettverk av små lokale arrangement og møteplassar, der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. Det er også staden for deg som er interessert i sceneteknikk, arrangering, journalistikk, foto, videodokumentar, programmering og webdesign.

Kultur omfattar det meste av det vi menneske er i stand til å skape med kropp, sjel og kreativitet. Her nst det ingen forbod eller påbod – berre moglegheiter.

### **KVEN**

Ungdom mellom 13 og 20 år. Åleine eller eire saman. I fjor var vi 24 000 ungdomar.

### **KVIFOR**

Ein sjanse til å treffe andre, vise kven du er, kva du kan og kva du likar å gjere. Kanskje blir det starten på eit eventyr. Uansett ei oppleving du ikkje vil gå glipp av – og som du vil hugse lenge. Det garanterer vi.

### **KVAR**

Det startar lokalt! Dei este kommunar/ bydelar har sitt eige arrangement, nokre stader har eire slege seg saman.

### **KORLEIS**

Meld deg på via [UKM.no](http://UKM.no). Alle som ønskjer, kan delta på sitt lokale UKM. Det er gratis å vere med.

Nokre deltakarar får representere kommunen sin på fylkesmønstringa, UKM-festivalen og andre arrangement. Utvelginga skjer på grunnlag av originalitet, kreativitet, publikumskontakt og kvalitet. Til saman skal deltakarane som blir sende vidare spegle breidda i ungdomskulturen.

**For påmelding og info om kva UKM-arrangementet som ligg nærast deg: [UKM.NO](http://UKM.NO)**